



UTDANNINGSDIREKTORATET AVD HOVEDKONTOR Saksbehandlar, innvalstelefon  
OSLO Terje Røstvær,  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO

## Brev: Om unge med korte plasseringar i fengsel og retten til å behalde skuleplass

Saka notatet tar opp gjeld ungdom som *er* elevar i vidaregåande opplæring, eller er tildelt ein skuleplass men som for ein kortare periode blir plassert i fengsel, anten ved dom eller i varetekt. Saka gjeld vidare dei tilfella der perioden for soninga er kort, ofte berre nokre få veker.

Konkret er det slik at i enkelte fylke, så mister desse elevane automatisk skuleplassen sin i den vidaregåande skulen når dei blir plassert i fengsel. Det kan vere ein skuleplass dei er tildelt gjennom inntaket, og endå ikkje har starta opp i, eller det kan vere ei opplæring som er i gang, men som får eit brot i soningsperioden. For begge tilfella betyr det at ungdommen ikkje har ein skuleplass å kome tilbake til når soninga er avslutta. Dei vil såleis høyre til Oppfølgingstenesta i det konkrete fylket. Oppfølgingstenesta sitt overordna mål er å hjelpe ungdommen tilbake i opplæring, eventuelt annan aktivitet som bidreg til å hindre fråfall.

### Retten til opplæring

Ifølgje opplæringslova § 3-1 første ledd har ungdom som har fullført grunnskulen eller tilsvarende opplæring, etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. *Eit spørsmål er kva det betyr for retten, når ungdommen er under offentleg omsorg og følgeleg ikkje kan vareta plikta til frammøte.* Her kan det vere naturleg å sjå til fylkeskommunane sitt ansvar etter opplæringslova § 13-2a.

### Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-2a

Etter opplæringslova § 13-2a har fylkeskommunen ansvaret for å oppfylle retten til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring etter opplæringslova for innsette i fengsel innanfor vedkommande fylkeskommune. Det er ikkje omtala i førearbeida kva som ligg i fylkeskommunen sitt ansvar, men det er naturleg at dette blir forstått likt som i §§ 13-2 og 13-3a.



I rundskriv Udir-6-2014 om rett til opplæring i barnevern- og helseinstitusjon, og i heimen ved langvarig sjukdom, er det framheva at fylkeskommunen må utarbeide rutinar for samarbeid mellom helseinstitusjonen og eleven sin noverande og eventuelle tidlegare skule om eleven sin skulegang. Skuleeigar skal ha internkontroll for å sikre at regelverket blir følgt.

*Eit første spørsmål er om fylkeskommunen sine pliktar for ungdom i soningsinstitusjonar må tolkast tilsvarande som fylkeskommunen sitt ansvar for ungdom i barneverninstitusjonar eller i helseinstitusjonar.*

Dersom svaret på dette spørsmåla er ja, *kva er i så fall følgjene for fylkeskommunen sitt ansvar for samarbeid med «heimeskulen»?*

Vi kan ikkje sjå at regelverket kjem med nærmare avklaringar med omsyn til innhaldet i samarbeidet. Etter vår vurdering må formålet vere å sørge for at retten til vidaregåande opplæring blir oppfylt, og å bidra til å sikre at ungdommane fullfører vidaregåande opplæring. Dette føreset at både fylkeskommunen der institusjonen ligg og heimfylkeskommunen arbeider for å sikre gode overgangar. Implisitt i denne forståinga ligg det at ungdommen, anten det er snakk om opphald i ein helseinstitusjon eller i ein soningsinstitusjon, ikkje automatisk mister skuleplassen sin på heimstaden.

### **Ungdommar får opplæring under soning**

Det er eit overordna prinsipp i norsk straffegjennomføring at domfelte, innanfor rammene som følgjer av straffegjennomføringslova og dei avgrensingane som følgjer av fråtakinga av fridomen, har dei same rettane og pliktene som folket elles<sup>1</sup>. Ein følge av dette er at vi i den norske kriminalomsorga har vald ein importmodell for opplæring. Dette syter for at innsette får oppfylt retten til grunnutdanning.

Norsk kriminalomsorg har soningsplassar som er spesielt tilpassa ungdom. I alle desse einingane blir det gitt opplæring, og fengselsopplæringa har gode og naudsynnte rutinar for samarbeid med «heimeskulane». Dette sikrar gode samanhengar, både når ungdommen startar soninga, og når ungdommen avsluttar soninga og skal tilbake til sitt alminnelege liv. I dei aller fleste tilfella fungerer dette godt, og både fengselsopplæringa, og heimeskulen samarbeider med føremålet om fullføring av det opplæringsløpet ungdommen har starta på.

### **Vår vurdering**

Vi oppfattar det slik at fylkeskommunane sitt ansvar for ungdom som er under soning i fengsel, omsorg av barnevernet, eller har opphald i medisinske institusjonar lik når det gjeld a) plikta til opplæring og b) plikta til samarbeid med heimeskulen.

Vidare oppfattar vi det slik at for dei to sist nemnde gruppene, er det ikkje automatikk i at dei mister skuleplassen sin på heimeskulen, men tvert om at regelverket krev at det blir samarbeidd nært med den institusjonen eleven har eit opphald i. Dette bør etter Statsforvaltaren i Vestland gjelde heilt tilsvarande for elevar som har kortare soningsopphald. Føresetnadane for kontinuitet i opplæringa, er gode, all den tid fengselsinstitusjonar for dei unge legg så stor vekt på eit godt opplæringstilbod.

Vi ber Utdanningsdirektoratet om ein kommentar til denne vurderinga, og eventuelt gi oss ei nærmare vurdering av kva plikter fylkeskommunane faktisk har for denne sårbare, og i tal, lille gruppa av elevar.

---

<sup>1</sup> Prop. 68 L (2013-2014) punkt 8.1



Med helsing

Marianne Svege  
seksjonsleiar

Terje Røstvær  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*